



## Rauland statsallmenning informasjon reinsjakt 2022 Utanbygds jegerar

Jakttid f.o.m. 20. august t.o.m. 30. september (kan bli utvida).

**Prisar:** Fritt dyr + Vaksen bukk o 2,5 år + 2 kalvar kr. 12.000,-

Kontrollkorta skal vera **Rauland Fjellstyre v/sekretær** i hende seinast 5 dagar etter jaktslutt.

**Korta sendast til: Rauland Fjellstyre, Heimigardsvegen 92, 3890 Vinje.  
KORTET SKAL RETURNERAST UANSETT FELLING ELLER IKKJE. Du skal returnere kontrollkort og ubrukte prøvesett. Ikkje prøver eller anna.**

Kortet/korta du har fått er strengt personleg og kan ikkje jaktast på eller overdragast til andre. I utgangspunktet gjeld kortet berre på Rauland SA. Dersom du får løyve frå andre grunneigarar til å jakte der, er dette mogleg, men det vert opp til kvar enkelt. Dersom dette skal gjerast er det viktig at du får ny grunneigar til å skrive på kortet, eller det vert laga eiga skriftleg avtale om dette.

Ved meir informasjon/ spm send e-post: [rauland@fjellstyret.no](mailto:rauland@fjellstyret.no) eller tlf 41202406 (sekretær)

**Tlf oppsynssentralen (i jakta): 815 32 450**

### **Fiske:**

Ynskjer du å fiske medan du er på jakt er det lagt ut fiskekort på [www.inatur.no](http://www.inatur.no)

### **Hytteleige:**

Alle må betale hytteleige også i reinsjakta. Pris kr 100,- pr. natt og kr 20,- for rasting innanbygds, kr. 200,- pr. natt og kr 20,- for rasting utanbygds. Raulendingar har førerrett til senger. UTM på våre hytter finn du på heimesida. Kart kan skrivast ut på [www.inatur.no](http://www.inatur.no) eller på våre heimesider [www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no) under kontaktinformasjon.

Dersom du nyttar telt under jakta vert det sterkt oppmoda om å telte i nærleiken av hyttene slik at du ikkje forstyrrar andre. Ved slakt skal slakteavfall i leggjast i god avstand til hytter/ uthus til hytter.

### **Helikoptertransport:**

Rauland Fjellstyre har nokon få helikopterløyver som gjer det mogeleg å nytte helikopter inn til Meinsvatn. Ynskjer du å benytte dette til inntransport så kan du ta kontakt på jegertelefonen. Uttransport av kjøt frå Meinsvatn eller Kostveitvatnet kan

gjerast utan løyver. Du er sjølv ansvarleg for å bestille helikopter, men for inntransport må du ta kontakt for å få eit landingsløyve.

***Tilgang til eigedomen til fots:***

For å kome inn i Rauland SA til fots er det lettast å køyre inn Songavegen (frå Haukeli) og til enden ved Trolldalsdammen og parkere her. Det er vegavgift på Songavegen (40 kr kontant i kasse ved innkøyring). Det er gratis å parkere på Trolldalsdammen, men det er parkeringsavgift for parkering ved Helikopterlandingsplassen.

Dersom du vil gå inn frå Trolldal er det mogeleg og du må då gå over Romtveitskardet via Våjordsvollen og opp til Saltpytt. God sti frå Våjordsvollen til Saltpytt. Me oppfordrar til å fylgje stien for å unngå naboterreng og forstyrring av andre sin jakt. Du vil spare 1-1,5 time med gåing dersom du tek båt til Våjordsvollen. Merk at Songavatnet er regulert og det vil løne seg å få båten godt opp på land dersom du skal vere vekk ei stund. Songavatnet kan vere veldig verhardt på enkelte vindretningar.

**Skitt jakt!!**

